

Emne nr. 127

Forteljingar om Gjest Baardsen og Ole Høiland

Sume stader i Noreg kan mange menneske fortelja ei eller fleire soger om Gjest Baardsen. Sogene kan vera lange eller stutte, stundom berre ei einaste setning. Det er likt til at det same kan vera tilfelle for Ole Høiland andre stader i landet. Målet med denne spørjelista er mellom anna å finna ut kor vidt utover landet slike forteljingar finst, og dessutan om folk i dei ymse landslutene kan fortelja ulike soger.

1. Til hjelp for den som skal svara, kjem det her nokre meir konkrete spørsmål etter fortelje-stoff om Gjest Baardsen:

- a) Kjenner du soger om at Gjest Baardsen gjymde pengar eller verdesaker på stader i distriktet ditt? Kunne dei finnast att? På visse vilkår?
- b) Kva kan du fortelja om Gjest Baardsen og dei fattige?
- c) Kjenner du soger om at han stal pengar eller andre ting? Korleis gjekk han fram?
- d) Kva kan du fortelja om Gjest Baardsen og lensmannen?
- e) Kjenner du soger om korleis det til sist gjekk med han?
- f) Kjenner du soger om Gjest Baardsen når han var i fengsel?
- g) Kjenner du viser som Gjest Baardsen skal ha dikta?
- h) Kjenner du viser som handlar om Gjest Baardsen?
- i) Kjenner du soger om at Gjest Baardsen møtte Ole Høiland?

Denne lista er berre ei rettleiing og ei hjelp til å koma i gang. Det kan finnast mange soger om Gjest Baardsen som ikkje kjem inn under desse spørsmåla. Og dei er like velkomne i svara.

2. Kva kan du fortelja om Ole Høiland?

3. Dersom det er råd å få svar på nokre tilleggsspørsmål, ville det òg vera til stor hjelp. Desse spørsmåla gjeld den eller dei som har gjeve dei oppskrivne opplysningane:

- a) Har du sett filmen om Gjest Baardsen? Kva tid om lag?
- b) Har du sett filmen om Ole Høiland?
- c) Har du lese noko om Ole Høiland eller om Gjest Baardsen? I så fall, kva slag lesestoff var det: Bøker, blad, aviser? Kva tid om lag las du dette?